



Fjord kommune

Plan og miljø

NVE

Vår ref.

20/4050/FA-U43/MARHOV/41867920

Dykkar ref.

Dato:

03.07.2020

Uttale til høyring av søknad om uttak av grunnvatn til landbasert settefiskanlegg, Stordal

Fjord kommune har mottatt melding om høyring av Stordal Aquaproduksjon AS sin søknad om uttak av grunnvatn.

Vi oppfattar at søknaden omfattar berre ferskvannsbrønnane, og ikkje saltvannsbrønn ved friområdet «Osen», men ønsker likevel å understreke at eit anlegg i området «Osen» vil kunne vere problematisk mtp friområdeinteressene i området som er kartlagt som svært viktig friluftsområde og er mykje nytta av både lokale og tilreisande, og at om det skulle vere aktuelt med brønn i området må planavdelinga i kommunen involverast

I søknaden er det mellom anna i punkt 1.5 gjort greie for planstatus og illustrert at Stordal Aquaproduksjon vil starte omregulering av området ihht klausuleringsplanen, men som ombedt kan kommunen også skildre kort planstatus.

Området rundt brønnane ligg i arealdelplan for Stordal frå 2003, og reguleringsplan for Stordal sentrum frå 1999, og er hovudsakleg sett av til LNF-område og i nærleiken finn vi campingområde, mot nord eit industriområde, og litt lenger aust også areal avsett til industri. Som også fanga opp i søknaden, er brønnane i nærleiken av det verna og lakseførande Stordalsvassdraget og den mykje nytta turstien langs elva, men ein kan ikkje umiddelbart sjå at tiltaket vil vere av vesentleg ulempe for desse interessene, så lenge grunneigarane og andre interessehavarar i området er kjend med saka.

Dette innspelet er å sjå som foreløpig og ein vil kunne kome med ytterlegare kommentarar i anledning synfaringa t.d. forholdet til kommunal infrastruktur. Det vil vidare bli gjort vidare planmessige avklaringar i påfølgjande behandling etter plan og bygningslova.

Med helsing

Martin Hove
leiar plan og miljø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Postadr.:

Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside

post@fjord.kommune.no
www.fjord.kommune.no

Telefon

418 67 800

Bankgiro:

3910 65 78234

Organisasjonsnr.

921 891 687

